



Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune, Vestland

Oktober 2024



Innhold

FORSLAG	3
Heimelsgrunnlag	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
Andre interesser	5
SAKSHANDSAMING	6
Sakshandsamingsprosessar	6
Forholdet til utgreiingsinstruksen	7
Forvaltningsstyresmakt	7
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	7
Geografi	7
Verneforskrifta	8
Namn	8
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR	8
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	8
Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	9
Avveging skogvern – skogbruk	9
Forvaltningsmyndigheit	9
Skildring av Bermålsnosi, med merknader	9
Inngrepsstatus og andre interesser:	11
Samandrag av høyringsinnspela:	11
Kommentar frå Statsforvaltaren:	13
Namn	15
Avgrensing	15
Verneforskrift	15

FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Tilrådinga omfattar 5431 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 3168 dekar, og av dette er om lag 2517 dekar produktiv skog.

Heimelsgrunnlag

Bermålsnosi blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62. Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*
- b (arter og genetisk mangfold),*
- c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire [nasjonale mål](#) (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Oppretting av eit verneområde på Bermålsnosi bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne området mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c. Området vil også bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet dekker eit stort område med verdifull natur. Bermålsnosi ligg langs same fjordside som det eksisterande verneområdet Kvittingsmorki naturreservat. Vi arbeider også med utviding av Kvittingsmorki, slik at Bermålsnosi og Kvittingsmorki vil grense mot kvarandre langs kommunegrensa mellom Lærdal og Årdal. Naturreservatet Berdalen ligg på andre sida av vasskiljet i Lærdal. Både Luster Allmenning naturreservat og Buggastrondi naturreservat ligg ikkje langt unna langs fjorden. Vern av skogen i Bermålsnosi bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet dekker variert skognatur frå fjord til fjell. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Ein del av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA

rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

Området oppfyller manglar i skogvernet knytt til bonitet, truga artar, raudlista naturtype i form av kalk- og lågurtfuruskog, og andre mangelnaturtypar som kalkbjørkeskog, gråorheggeskog av lisidetype og gamal lauvblandingsskog. Kandidatområdet er delvis lågareliggjande, i skogvernsamanheng definerer vi «lågtliggjande» som areal under 300 meter over havet). I skoganalyse fekk området ein verneindeks på 5,5 poeng, men arealet er utvida etter at verneindeksen vart fastsett, og området ville truleg fått høgare indeks med utvidingsområdet inkludert. Indeksen går frå 1 til 9, og resultatet før utvidinga på 5,5 er uansett høg nok til å kunne verne området. Etter kartlegginga fekk vi knytt Bermålsnosi med Skogateigen i aust, der vi snart skal høyre ei utviding av Kvitingsmorki naturreservat. Saman vil Kvitingsmorki med Skogateigen og Bermålsnosi langs denne lisida frå fjord til fjell kunne utgjere eit verdifullt og samanhengjande område med skog i indre Sogn.

Vi vurderer området til å vere i overkant av regionalt verdifullt og prioriterer såleis området vidare til vern.



Figur 2 Vi tilrår vern av Bermålsnosi som naturreservat. Området går frå fjord til fjell og inkluderer ulike påverknadar som brann, ras og snøskred, noko som bidreg til eit variert skogsbilete med mykje naturleg dynamikk. Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/ Maria Knagenhjelm.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå Miljødirektoratet sin kartdatabase Skoganalyse. Kartleggingsfirmaet Biofokus kartla området i juni 2022, og

kartleggjarane som er oppført i rapporten er Alexander Nilsson, Maria K. Hertzberg, Helene Lind Jensen og Siri Khalsa.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir føreslått verna er truleg hogst, spreining av gran, energiutbygging og skogsbilveggar. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av levestaden for truga, sårbare og sjeldne artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha lita påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er vernereglar om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse tiltaka/aktivitetane vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Vi har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen lengre bak i dette dokumentet. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

Andre interesser

Kraft og energi:

Det er eit digitalt kartlagt potensial for vasskraftverk langs Kvernagrovi, sørvest innanfor det tilrådde verneområdet. Der er småkraftpotensialet 1,98 GWh/år med ein utbyggingskostnad på 4,64 NOK/kWh på eit 2003-kostnadsnivå. Det går ei 22 kV høgspenninglinje langs vernegrensa, og det er ikkje planar om oppgradering eller endring på 22 kV-linja per dags dato. Vernegrensa er trekt ti meter unna linja slik at det klausulerte rydebeltet på 7,5 meter frå senterlinja kan haldast ved like.

Jakt og friluftsliv

Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Kandidatområdet går delvis inn i villreinområde. Både vinter- sommarbeite og haustbeiteområdet til Lærdal-Årdal villreinområde inngår i det tilrådde verneområdet. Det er enkelte stiar i Bermålsnosi, men det er lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går opp til jakthytta i Muggeteigllii, og eit lite område rundt jakthytta er heldt utanfor verneområdet etter ønskje frå grunneigar. Store delar av kandidatområdet er farleg å ferdast i grunna steinsprang og rasfare. Det er mest bygdefolk, jegerar og beitedyr som nyttar stiane.

Kulturminne

Vi har ikkje registrert kulturminne innafor vernegrensa ut i frå søk på offentleg tilgjengelege databasar. At det ikkje er registrert kulturminne innanfor vernegrensa utelukkar ikkje at det likevel kan vere ting som ikkje er registrert.

Landbruk og anna næring

Det mest høgareliggjande området er registrert som beiteområde for både sau og storfe. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser på Bermålsnosi. Utanfor vernegrensa er det ein traktorveg frå fylkesvegen opp til eit grustak og vidare sørover, og vegen stoppar før den tilrådde vernegrensa. Grustaket ligg også utanfor vernegrensa, og det er same grunneigar som eig grustaket og som har tilbydd skog til vern. Det er såleis ikkje interessekonflikt mellom skogvernet og mineralutvinninga.

Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Lærdal kommune sin arealplan.

SAKSHANDSAMING

Sakshandsamingsprosessar

Arealet er eigd av to private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Grunneigarane på Bermålsnosi har, med ordninga frivillig skogvern, enno ikkje signert ei endeleg avtale med staten, men vi legg til grunn at avtale vert inngått i løpet av hausten 2024. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som har sett til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

Det tilrådde verneområdet på Bermålsnosi er lokalisert på gards- og bruksnummer 46/1 og 47/1 i Lærdal kommune. Tilbodet kom oss i hende gjennom brev frå AT Skog den 31.01.2022. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for dette området før dei nye føringane med avveging av området's betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for området.

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Bermålsnosi naturreservat	31.01.2022	22.03.2024	06.05.2024

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale aviser og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi melder oppstart av frivillig skogvern på Bermål i Lærdal kommune | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern på Bermålsnosi \(Bermål\) naturreservat i Lærdal | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel vert verneforslaget grunngeve på overordna nivå og samanhengem med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget vert vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Forslaget blir også omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

Forvaltningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndigheit for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

Vi inviterte Lærdal kommune, i høyringa, om å uttale seg om kommunen hadde interesse av å overta forvaltningsansvaret for dei mindre naturreservat innanfor kommunen sine grenser. Vi fekk ikkje innspel frå Lærdal i denne spørsmålet. Dersom det kjem uttale frå kommunen vil vi vidarende svaret til Miljødirektoratet.

VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

Geografi

Vi gjorde mindre justeringar på kartet mellom oppstart og høyring, noko som medførte til ei endring av vernearealet frå 5420 til 5412 dekar. Justeringa i arealet etter oppstartsmeldinga var i hovudsak til fjells i grenseområdet mellom Lærdal og Årdal kommunar, og det tilrådde naturreservatet føl no kommunegrensa og eigedomsgrensa opp frå fjorden.

Vi har justert vernegrensa etter høyringa etter innspela frå linjeselskapet Sygnir, slik at det klausulerte ryddebeltet på 7,5 meter frå senterlinja ikkje skal være i konflikt med verneområdet. Vernegrensa går no 10 meter frå senterlinja. Ved ny måling av areal i våre kartprogram til innsending av tilrådinga er kandidatområdet 5431 dekar stort.

Ein lite brukt sti går frå oversida av vegen ved Bermål og opp langs lia før den rundar ned mot Skogateigen. Stien går delvis i ur, er berre synleg delar av året og er rasfarleg å gå. Den er teke ut av kartet mellom oppstart og høyring etter ønskje frå grunneigar.

Verneforskrifta

Vi har oppdatert verneforskrifta i § 1 frå *Føremålet med naturreservatet er å ta vare på (...)* til ny formulering *Føremålet med forskrifta er å ta vare på (...)*. Endringa er ei tilpassing til ny mal og endringa medfører ikkje innverknad på innhaldet.

Vi har oppdatert arealet som står oppgitt i forskrifta, som etter nye målingar tel 5431 dekar.

Etter innspel frå Statens vegvesen la vi inn, etter høyringa, ei ny heimel i § 7 (spesifiserte dispensasjonsreglar) bokstav l: *Naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot veg.*

Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Bermålsnosi naturreservat*. Under oppstarten nytta vi namnet Bermål naturreservat, men fekk innspel frå Språkrådet om å endre namnet. Fordi kandidatområdet dekker to gardsnummer, både nr 46 Bermål og nr 47 Muggeteigen, vurderer Språkrådet at det vil vere uheldig å nytte berre det eine gardsnamnet på området og ikkje det andre. Språkrådet tilrår heller å nytte namnet på toppen av fjellet som dei to teigane ligg under, Bermålsnosi. Det er ein ruvande fjellformasjon og Bermålsnosi er godt synleg i ein vid omkrins, og grensa mellom dei to gardane Bermål og Muggeteigen endar opp på toppen av dette fjellet. I sentralt stadnamnregister (SSR) er Bermålsnosi registrert som eineform.

FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane er gjennomført av Biofokus i samband med tilbodet om frivillig skogvern, og kartlegginga har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre område for friluftsliv.

Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følgje av etableringa av Bermålsnosi naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det kan bli utarbeida ein forvaltningsplan for naturreservatet med nærare retningslinjer for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 foreslo direktorata retningslinjer for avvegingar. I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilbodet frå grunneigarane på Bermålsnosi om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området er derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

Forvaltningsmyndigheit

Lærdal kommune har førebels ikkje teke stilling til om kommunen ønskjer å overta forvaltningsmyndigheit for eit framtidig Bermålsnosi naturreservat. Vi sendte ein førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka.

Skildring av Bermålsnosi, med merknader

Totalareal 5431 dekar.

Skogareal totalt om lag 3168 dekar.

Produktiv skog om lag 2417 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdiar:

Kandidatområdet Bermålsnosi ligg i ei nord- og vestvendt, bratt lisode i ein gradient frå fjord til fjell på sørsida av Sognefjorden, i Lærdal kommune. Skogen er i hovudsak dominert av furu, med bjørk og storvaksne ospetre. Ein finn også parti med meir varmekjær vegetasjon som hassel og gråor. I nordlege delar med rikare mark førekjem den raudlista naturtypen kalk- og lågurtfuruskog (VU). Bermålsnosi inkluderer også bjørk og rogn i rasmarkskog, med stadvis store mengde død ved av bjørk. Det er død ved i store dimensjonar etter m.a. skogbrann, der m.a. signalarten pusledraugmose, som utelukkande finst på dødved, er registrert. Bermålsnosi har også gamle tre, der mellom andre furutre med alder på 350 år er registrert.

Det er stor variasjon i vegetasjonen og naturtypar knytt til ulike høgdelag, og med påverknad som ras, brann og snøskred dannar dette mange habitat. Bermålsnosi dekker fire ulike vegetasjonssoner, der både mellomboreal, nordboreal, sørboreal og boreonemoral sone inngår i ein gradient frå fjord til fjell. Lågaste punkt er ved fjorden og høgaste punkt er på

Bermålsnosi på 1257 meter over havet. Av åtte raudlista artar registrert i området er seks nær truga og ein sterkt truga (ask).

Området oppfyller manglar i skogvernet knytt til bonitet, truga artar, raudlista naturtype i form av kalk- og lågurtfuruskog, og andre mangelnaturtypar som kalkbjørkeskog, gråorheggeskog av lisidetype og gamal lauvblandingsskog. Kandidatområdet er delvis lågareliggjande. Etter kartlegginga har vi, etter å ha motteke tilbod frå grunneigarane av Skogateigen, meldt oppstart også der. Slik vil eit potensielt samanhengande areal langs fjorden med Bermålsnosi og Skogateigen, i lag med det eksisterande Kvitingsmorki naturreservat, kunne utgjere eit viktig og samanhengjande område med verdifull skog i indre Sogn. Vi vurderer området til å vere av stor verdi og viktig å prioritere å ta vare på for kommande generasjonar.



Figur 3 Biletet er teke frå Bermålsnosi, eit område som vil kunne bidra til eit større nettverk av verneområde i indre Sogn. På biletet ser vi bort på Luster Allmenning naturreservat, og rundt neset midt i biletet ligg Buggastrondi naturreservat. Til høgre i biletet ligg også Kvitingsmorki, verna under verneplan for barskog i 1991, som no er i ein utvidingsprosess. Foto: AT Skog/Vebjørn Enerstvedt.

Større tekniske inngrep er nesten fråverande. Delar av området er samanfallande med leveområdet til villreinstamma i Lærdal - Årdal.

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit variert skoglandskap med eit mangfald av artar og vegetasjonstypar. Området har velutvikla furuskog også med kalkrike område, boreal lauvskog og førekomstar av daud ved i ei dynamisk liside med både brannspor og hyppige ras. Naturreservatet har stor verdi for biologisk mangfald i indre fjordstrøk.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er nokre stiar innanfor verneområdet, disse er stort sett markert på kartet. Disse vil kunne nyttast til sykling, riding og bruk av hest, men det er eit bratt terreng og stiane har ikkje vore nytta til slike aktivitetar tidlegare. Ei sti går frå oversida av vegen ved Bermål og opp langs lia før den rundar ned mot Skogateigen, denne er rasfarleg å gå store delar av året, og er teke ut av kartet mellom oppstart og høyring, etter ønskje frå grunneigar.

Det er ei jakthytte oppe i Muggeteiglii. Det går ein sti opp til hytta, både stien og hytta er markert på kart. Etter grunneigar sitt ønskje er hytta og eit lite areal rundt hytta heldt utanfor vernegrensa.

Det ligg eit grustak utanfor verneområdet med tilhøyrande veg. Sjå også under Andre interesser.

Ei 22-kV går i nedre kant av det tilrådde verneområdet, mellom vegen og kandidatområdet. Det er ikkje planar om oppgradering eller endring av denne linja, jf. linjeselskapet Sygnir. Vi har justert vernekartet slik at vernegrensa no ligg 10 meter frå linja, slik at det klausulerte ryddebeltet på 15 meter skal kunne haldast ved like utan konflikt med verneområdet.

Aust for Bermålsnosi ligg Skogateigen. Dette arealet er tilbydd til vern av grunneigarane på Kvitingsmorki, og vi jobbar parallelt med utviding av Kvitingsmorki med Skogateigen som ei separat vernesak.

Samandrag av høyringsinnspela:

Verneplanen vart sendt på høyring til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådnes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Forening, Norges Dykkerforbund, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Forening, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd. Sogn og Fjordane, Lærdal kommune, Sygnir AS avdeling Lærdal, Sygnir AS, Straumnett AS, Anne Helene Bergmål, Olav Bjørkum, Endre Offerdal og AT Skog.

Det kom inn sju innspel til oppstartsmeldinga. Vi fekk fire innspel til høyringa. I tillegg hadde vi kontakt med både Lærdal og Årdal kommunar om kommune- og eigedomsgrenser før høyringa. Innspel er omtalt under.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga. Direktoratet etterlyser skjema for avveging av området's betydning for vern og betydning for tømmerutgang og vurderingane av området i avvegingsmatrisa i førekant av oppstartsmeldinga.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga etter oppstartsmeldinga. Det er tilrådd å nytte namnet Bermålsnosi naturreservat på kandidatområdet i staden for Bermål naturreservat. Fordi kandidatområdet dekkjer to gardsnummer, både 46 Bermål og 47 Muggeteigen, meinte Språkrådet at det ville vere uheldig å nytte berre det eine gardsnamnet og ikkje det andre. Språkrådet tilrådde heller å nytte namnet på toppen av fjellet som dei to teigane ligg under, Bermålsnosi. Det er ein ruvande fjellformasjon og Bermålsnosi er godt synleg i ein vid omkrets, og grensa mellom dei to gardane Bermål og Muggeteigen endar opp på toppen av dette fjellet. I sentralt stadnamnregister (SSR) er Bermålsnosi registrert som eineform.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at mineralressursar er ikkje-fornybare, og at verneplanar i dei fleste tilfelle vil gjere mineralressursar utilgjengelege for framtidig utvikling. DMF tildelte ein konsesjon i august 2021 til uttak etter mineralloven av knust fjell frå pukkførekomsten Muggelia. Verdien av pukkførekomsten er ikkje vurdert. DMF vurderer at eit framtidig naturreservat vi ikkje kome i direkte konflikt med uttaket, men dersom pukkverket har behov for utviding i framtida vil det kunne oppstå konflikt. DMF skriv vidare at dei oppfattar utkastet til vernegrense å nettopp tilpasse seg mineralførekomsten, men at Statsforvaltaren må vurdere om disse tilpassingane er tilstrekkelege for potensiell utviding av uttaket. DMF avrunda innspelet med å tilrå at avgrensinga av verneområdet ikkje blir lengre inn i mineralførekomsten slik at ein unngår konflikt med den pågåande drifta av masseuttaket. I si uttale til høyringa skriv DMF at Statsforvaltaren har gjort greie for tilpassing av vernegrensa til mineralførekomsten og også har avklart at ikkje det blir aktuelt å utvide verneområdet seinare inn mot mineralførekomsten. DMF skriv også at Statsforvaltaren ser at mineralførekomsten har potensiale for framleis å kunne nyttast i mange år og ikkje ser det som konflikt med skogvernet. DMF reknar deira merknadar til oppstartsmeldinga såleis imøtekomme og har ikkje fleire innspel til verneframlegget.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at det ikkje er statlege vegar i eller direkte inn i området og at Statens vegvesen difor ikkje har innspel til oppstartsmeldinga. Dei skriv vidare at dei forventar at tilhøvet til fv. 53 blir avklart med Vestland fylkeskommune. I innspelet frå Statens vegvesen til høyringa er det gjenteke at det ikkje er riksveg nær det aktuelle verneområdet, men at fylkeskommunen som vegeigar vil kunne ha konkrete merknadar til vernet. Vegvesenet skriv at fordi fylkesvegen går gjennom potensielt skredfarleg område med registrerte skredhendingar må det takast med reglar i verneforskrifta som sikrar at det kan bli gjennomført naudsynte sikringar mot skredfare. Til orientering har ikkje Vestland fylkeskommune komme med innspel.

Statnett skriv til oppstartsmeldinga og til høyringa at det planlagde skogvernet på Bermål(-snosi) ikkje påverkar deira anlegg eller planar og har dermed ikkje merknadar til verneprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv til oppstartsmeldinga at kandidatområdet grenser på nordsida til eit nettanlegg drifta av Sygnir AS, og ber Sygnir om å uttale seg om eksisterande og framtidige planar og prosjekt for området og om utkastet til forskrift er tilstrekkeleg. NVE skriv også at det er eit digitalt kartlagt potensial for små vasskraftverk innanfor det føreslegne verneområdet, der småkraftpotensialet utgjer 1,98 GWh/år med ein utbyggingskostnad på 4,64 NOK/kWh på eit 2003-kostnadsnivå. NVE ber Statsforvaltaren om å orientere grunneigarane om vasskraftpotensialet. Til høyringa skriv NVE at Statsforvaltaren har lagt inn alle standardbestemmingar for energi- og kraftanlegg i forskrifta. I tillegg har Statsforvaltaren teke omsyn til Sygnir sitt innspel om justering av vernegrensa til minst 7,5 meter vekk frå senterlinja av kraftlinja, og grunneigar har blitt orientert om vasskraftpotensialet innanfor det føreslegne verneområdet. NVE ser difor ikkje attståande konflikthar med energiinteressene innanfor verneområdet.

Sygnir skriv til oppstartsmeldinga at det går ei 22 kV høgspenning linje langs vernegrensa mot sjøen, og at Sygnir ikkje har planar om oppgradering eller endring på 22 kV-linja i det aktuelle kandidatområdet for vern. Vernegrensa bør ligge 7,5 meter frå senterlinja i linjetraseen, så det klausulerte ryddebeltet er 15 meter (2x7,5 meter frå senterlinja)

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for dette området før dei nye føringane med avveging av området betyding for vern og betyding for tømmerutgang trådte i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for området.

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og tilrår namnet *Bermålsnosi naturreservat*.

Til innspelet frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har vi tilpassa vernegrensa til den eksisterande mineralførekomsten, og har ikkje planar om utviding av naturreservatet i det aktuelle området rundt uttaket. Vi ser at mineralførekomsten har potensiale for framleis å kunne utnyttast, og ser ingen konflikt mellom mineralutnyttinga i Muggelia og skogvernområdet. Det er same grunneigar som er involvert i både uttaket og skogvernet.

Vi tek innspelet frå Statens vegvesen til vitande gjeldande ansvarsdelinga for statlege og fylkeskommunale vegar. Vestland fylkeskommune har vore på adresselista i verneprosessen, men har ikkje komme med innspel. Vi vurderer likevel at vegvesenet har viktige innspel om registrerte skredhendingar. Registrerte hendingar inkluderer steinskred av ulikt omfang, isnedfall og lausmasseskred. Sjå kart i figur 4 for oversikt. Vi legg difor til ei ny formulering i § 7 bokstav l i verneforskrifta som opnar for å kunne vurdere dispensasjon frå vernereglane for *naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av ras og skred ned mot veg*.



Figur 4 Grøne prikker syner registrerte skredhendingar på vegen i nedre kant av kandidatområdet Bermålsnosi. Det lilla skraverete området markerer føreslåtte verneområde, og på kartet blir både Bermålsnosi og Sognefjorden marine verneområde difor markert. Kjelde: fylkesatlas

Vi tek innspelet frå Statnett til vitande.

Til NVE sitt innspel fekk vi innspel frå Sygnir i oppstartsfasen. Vi har lagt til grunn at grunneigarane har vurdert alle sider av vernet, også alternative bruksmåtar av utmarka som til dømes kraftutbygging. Grunneigarane har også fått alle offisielle dokument i verneprosessen via grunneigarorganisasjonane.

Vi tek innspelet frå Sygnir til oppstartsmeldinga til etterretning og sørger for at vernegrensa ligg minst 7,5 meter unna senterlinja på 22-kV-linja.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Bermålsnosi naturreservat, det har ikkje komme innspel på andre namn i verneprosessen.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i vedlegget i dette dokumentet.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

Tilråding

Vi tilrår at området Bermålsnosi blir verna som naturreservat.

Tilråding

Forskrift om vern av Bermålsnosi naturreservat, Lærdal kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit variert skoglandskap med eit mangfald av artar og vegetasjonstypar. Området har velutvikla furuskog også med kalkrike område, boreal lauvskog og førekomstar av daud ved i ei dynamisk lisode med både brannspor og hyppige ras. Naturreservatet har stor verdi for biologisk mangfald i indre fjordstrøk.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Lærdal kommune: 46/1, 47/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på om lag 5431 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Lærdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- e. Beiting.
- f. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- g. Forsiktig rydding av småbusk og kvist i skotfelt i samband med storviltjakt.

- h. Varsam rydding av eksisterande stiar merka på vernekartet.
- i. Utsetting av saltstein i samband med beiting.
- j. Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.
- k. Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- l. Oppgradering eller fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane nemnt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom stiar vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d. Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- b. Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- c. Uttransport av felt elg eller hjort med anna motorisert ferdsle enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 b.
- d. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- e. Merking og rydding av nye stiar.
- f. Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- g. Gjenoppføring av anlegg eller installasjonar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- h. Fjerning av framande treslag
- i. Tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på stiane.
- j. Oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje fell inn under § 4.
- k. Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.
- l. Naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot veg.
- m. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 d og i og § 7 a, b, f, g og h.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til

tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.